

19. desember 2008

## Anbudsdrift av bussruter i Austevoll frå 1. januar 2008

1. januar 2008 startar anbudsdrift av bussrutene i Austevoll som vert det første området i fylket der bussdrifta skjer etter anbudsutlysing. For Hordaland fylkeskommune sitt nyoppretta driftsselskap, Skyss, vert dette samstundes det første ruteområdet selskapet overtek driftsansvaret for.

Bussar med Skyss sin logo og profil vil stå for rutetrafikken i Austevoll frå årsskiftet. Køyning av rutene er det Tide Buss AS, som vann anbuds konkurransen for området, som skal ta seg. Avtalen med Tide gjeld ut 2012.

Bussane vil frå årsskiftet i hovudsak gå til same rutetider som no, men med enkelte mindre justeringar. Endringane vil gå fram av nytt rutehefte og rutetabellane vert også tilgjengelege på [www.skyss.no](http://www.skyss.no).

Planen har vore å ta i bruk nytt billetteringssystem samstundes med at anbudsdrifta vert sett i verk i Austevoll. Svikt i leveranse frå leverandør av systemet har imidlertid medført behov for utvida kvalitetssikring og kontroll. Av omsyn til publikum har Hordaland fylkeskommune difor utsett oppstarten til ut på nyåret. Dagens velkjende billetteringssystem skal difor brukast inntil det nye er klart.

---

### Kontaktperson:

Oddmund Sylta, direktør i Skyss: 55239394 / 93230401